

Herdla

 TEMA: Hordaland ①32, Kirke og kloster ①52
 KART

Talrike fornnfunn viser at busetnaden på HERDLA går attende til forhistorisk tid, og storgarden på Herdla har hatt ein sentral plass i rikssoga sidan høgmellomalderen. Liksom Ask var Herdla ein del av det jordegodset HARALD HÅRFAGRE tok hand om då han la under seg Vestlandet.



EIN STORGARD FRÅ VIKINGTIDA

I 1139 vart Herdla herja av kongane Sigurd Slembe og Magnus Blinde, medan eigaren, Lakse-Pål, sat på

tingsete på Hamre i Osterfjorden. Filippus Simonsson, dotterson til lendmannen Arne på Stårheim i Nordfjord og nevø av den mektige oslobispen Nikolas Arnesson, var heime på Herdla då han vart vald til baglarkonge i 1207. I seinmellomalderen vart Herdla adeleg setegard, for så atter å gå over til kongen under reformasjonen. I 1637 vart garden ein del av eidedomane til Crijin Hooff, Bergens fremste kjøpmann, skipsreiar og hovudinteressent i «Det russiske niggkompani». Han bygde ein kornsilo, «Kornspeicher», på garden, som lagerplass for korn importert frå Arkhangelsk. Når kornet skulle seljast til byens

innbyggjarar, vart det skipa i mindre parti til sjøhusa ved Nykirken i Bergen. I 1662 vart garden Herdla kjøpt av lagmann Hans Hannsøn Smith. Han vart adla under namnet Lilienskiold og var mellom Bergens rikaste menn, med store jordegods i alle vestlandsfylka. Seinare gjekk garden over til sonen med same namn, som vart amtmann i Finnmark 1684-1701 og mest kjend for sitt verk *Speculum Boreale*, 1698. Fram gjennom hundreåra møter vi kjende embetslekter og kjøpmannsslekter på Herdla gard: Svanenhielm, Heiberg, Krüger og Konow. Sidan 1841 har garden vore familien Bjørnstads eigedom. □

Herdla kyrkje frå 1863.



ST. NIKOLAUS-KYRKJA OG HERDLA KYRKJE

Eit brev frå pave Eugenius 3. i 1146 nemner St. Nikolaus-kyrkja på Herdla. Denne kyrkja høyrde inn under Munkeliv kloster, som vart grunnlagt i Bergen av kong Øystein kring 1110. HERDLA-KYRKJA kan skriva seg frå denne tida. Kring 1190 veit vi at denne kyrkja vart lagd under Kristkyrkja i Bergen, og i 1308 finn vi Herdla som eitt av dei 14 kongelege kapella underordna hovudkapellet, Apostelkyrkja i Bergen. (①254, ①274)

Herdla kyrkje var ei steinkyrkje i ein enkel romansk stil, men ho vart seinare bygd om i gotisk stil med spissbogar. Frå 1727 var

kyrkja i privat eige fram til 1859, då ho vart kjøpt av Herdla soken. Etter ein stormskade vart kyrkja riven i 1861, og ei større kyrkje vart reist på dei same tuftene i 1863. Denne gjekk opp i flamma i 1934, og etter gjenreisinga vart kyrkja kalla «Øygardskatedralen».

Under krigen fekk bygningen store skadar. Tyskarane sprengde tårnet og nytta skipet til ammunisjonslager. Under golvet vart det grave nedgang til eit vidt forgreina tunnellanlegg under gravplassen. Etter krigen vart kyrkja gjenreist, og ho vart innvigd av biskop RAGNVALD INDREBØ i 1951.